


Sak			
FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL. LANGSIKTIGE MÅL OG RETNINGSLINJER.			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	07.04.89	Brev fra Gol kommune til U.O.	
2	05.07.89	Brev fra Gol kommune til U.O.	
3	12.09.89	Brev fra U.O. til Gol kommune.	



GOL KOMMUNE

OLDSAKSAMLINGEN	
J.nr. 001083	10 APR 89
SAKSB. POU	ARK.Nr.

... Universitetet i Oslo,

... Oldsaksamlingen

... 0164 OSLO 1

.....

FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL

Gol formannskap, som kommuneplanutval, vedtok i møte 16. mars 1989, sak nr. 128/89, å leggja forslag til kommuneplan for Gol kommune ut til offentlig ettersyn i samsvar med §20-5 i plan- og bygningsloven.

Forslag til kommuneplan for Gol kommune omfattar fylgjande dokument:

1. Kommuneplan for Gol 1988-2000, langsiktige mål og retningslinjer, dagsett mars 1989.
2. Kommuneplanens arealdel som omfattar fylgjande kart:
 - Kommuneplan for Gol, m=1:50.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Gol tettstad, m=1:10.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Åsgardane, m=1: 5.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Rotneim, m=1: 5.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Øygdane, m=1: 5.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Robru, m=1: 5.000, dagsett mars 1989
3. Kort orientering om kommuneplanarbeidet og forklaring til kommuneplanens arealdel, dagsett mars 1989.

Eventuelle merknader må sendast skriftleg til kommuneplanutvalet i Gol, 3550 Gol, seinast innan 10.mai 1989. Dersom kommunen ikkje har motteke skriftlege merknader innan nemnde dato, går ein ut frå at De ikkje har merknader til kommuneplanforslaget.

Lornts Letnes
rådmann


Oddvar Fjøsne
Oddvar Fjøsne
Kommuneplanleggjar

Vedlegg: Kommuneplandokumenta.
(kommuneplankarta blir sendt i eigen sending).

Adresse:
3550 Gol

Telefon:
067-74 100

Bankgiro: 9211.05.00051
Postgiro: 5 49 84 07
Postgiro skatt: 1 20 61 76



**KORT ORIENTERING OM
KOMMUNEPLANARBEIDET**

OG

**FORKLARING TIL KOMMUNEPLANENS
AREALDEL**

3550 GOL, MARS 1989

KOMMUNEPLANUTVALET I GOL

**KORT ORIENTERING OM KOMMUNEPLANARBEIDET
OG
FORKLARING TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL**

KORT ORIENTERING OM KOMMUNEPLANARBEIDET

Arbeidet med kommuneplan for Gol starta 1. juni 1988. Kommunen kunngjorde gjennom avisene at kommuneplanarbeidet skulle setjast i gang, og at dei som hadde spørsmål eller synspunkt vedr. kommuneplanarbeidet kunne ta kontakt med kommunen.

Etter at kommuneplanutvalet førebels hadde behandla utkast til langsiktige mål og retningslinjer for utviklingen i kommunen, herunder arealdelen, hadde kommuneplanutvalet i førstninga av februar 1989 orienteringsmøter om kommuneplanen i dei 5 skulekrinsane i Gol.

Kommunen har elles hatt samarbeid med kommunale, fylkeskommunale og statlege instansar som har interesse i planarbeidet, ved utarbeiding av kommuneplanen for Gol.

FORKLARING TIL KOMMUNEPLANENS AREALDEL MED BESTEMMELSAR:

KOMMUNEPLANKARTET I M=1:50.000

Kartet med forklaring og bestemmelsar viser hovedtrekka i framtidig arealdisponering.

Når det gjeld vanleg hyttebebyggelse og utleiehytter i tilknytning til landbruksnæring, har kommunen fylgjande retningslinjer/opplysningar ut over det som framgår av bestemmelsane på kommuneplankartet:

HYTTER/FRITIDSHUS

Fylgjande rammetal for nye hytter i perioden 1975-95 er tidlegare fastsett for dei uregulerte stølslagsområda:

Snufor stølslag.....	5	hytter
Smylistølen stølslag.....	10	"
Tunnetjern stølslag.....	40	"
Skrøyvestølane stølslag.....	30	"
Lauvsjøen stølslag.....	55	"
Guriset stølslag.....	40	"
Nørelia stølslag.....	20	"
Einarset stølslag.....	20	"
Oset stølslag.....	5	"
Kamben stølslag.....	75	"
Hoftunsameiga.....	140	"
Høvreslia sameige.....	170	"
Del av Tretteskogane.....	39	"

I rammetalet skal inngå slike tomter:

1. Tomteeigarar som er nemnt som kjøpar i tinglyst dokument før 06.03.1973 og tilfelle der tomteeigaren er avliden og tomta overteken av barn/barnebarn.
2. Når tomteeigaren kan bevise ved dokument, tinglyst før 06.03.1973, å ha fått tildelt serskilt hyttetomt ved arv.
3. Kommunestyret føreset at fordelte hyttetomtrettar ikkje vert forelda.
4. Hyttetomtrettane innan dei einiskilde stølslag vert å fordele av stølseigarane i samarbeid.

Med høg standard på hytter meiner ein m.a. innlagt elektrisk straum, innlagt vatn og vassklosett eller biologisk klosett, og bilveg fram til hyttene med tilfredsstillande akseltrykk.

Hytter som i første omgang har låg standard kan seinare få høg standard når forholda på førehand er lagt til rette for det.

Gjennomføringen av høg standard på hytter/hytteområder må til ei kvar tid tilpassast slammottakkapasiteten ved offentleg renseanlegg.

For sentrale deler av Golsfjellet der det allereie er etablert fleire turistverksemdar og mange hytter vil kommunen i samarbeid med fylkesmannens miljøvernavdeling føreta ei vurdering av resipientforholda i Rusteåni og Tisleivassdraget for å avklare i kva grad desse vassdraga toler meir forurensing i form av kloakkutslepp frå bedrifter/hytter og forurensing frå landbruk.

På bakgrunn av denne vurderinga vil kommunen vurdere om det økonomisk sett er realistisk å planlegge og realisere ein eller fleire hovedkloakkleidningar som fører kloakken fram til eitt eller fleire høgverdige kloakkrenseanlegg. Utgiftene med bygging av eventuelle kloakkleidningar/anlegg må fullt ut dekkast av turistbedriftene, hyttebebyggelsen og den del av forurensningen frå landbruk som det er naturleg å ta inn på kloakknett i det aktuelle området. Dette er ei vidareføring av arbeidet med "Kloakkrammeplan for Golsfjellet" som kommunen med statleg tilskott fekk utarbeidd i 1986.

Ved ny hyttelokalisering i dette området som m.a. omfattar stølslagsområda Einarset, Kamben, Guriset og Oset, må det takast omsyn til eventuelle trasear for framtidige hovedkloakkleidningar. Arealdisponeringen i dette området bør vurderast i kommunedelplanssamanheng.

UTLEIGEHYTTER I TILKNYTNING TIL LANDBRUKSNÆRING.

Utleiehytter må tilfredsstillende krava for finansiering gjennom landbruksbanken. Forskriftene for denne finansieringsordninga

føreset m.a. ein samla driftsplan for heile landbrukseigedomen, utarbeidd av kvalifisert planleggar og godkjent av landbruksnemnda og fylkeslandbrukskontoret. Driftsplan medrekna utleigehytter må ikkje overstige 2 årsverk pr. bruk.

Tomter for utleigehytter kan ikkje fradelast bruket.

Godkjende tomter for utleigehytter skal gå til frådrag i eventuell udisponert hyttetomtkvote.

SKYTEBANLEANLEGG.

Kommunen tek sikte på å ha eitt skytebaneanlegg i kommunen. Då kommunen ikkje har teke endeleg standpunkt til kvar det framtidige skytebaneanlegget skal ligge, er skytebaneanlegg ikkje vist på kommuneplankartet.

KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD I M=1:5000

BUSTADBYGGING

Det er avsett fylgjande areal til bustadbygging:

B1-	i Tuppeskogområdet, langs begge sider av Fv.223, frå Heslasvingen til Steinmoenområdet..	ca.250	dekar
B2-	i området mellom Heslarystadvn og Rv.52.....	" 20	"
B3-	i området Hagaskogen.....	" 120	"
B4-	i Herad, aust for Liaåni.....	" 80	"

Sum bruttoareal i planperioden..... ca.470 dekar

Det er såleis avsett ca. 470 dekar til bustadføremål. Reknar ein brutto 1,5 dekar pr. bustadtomt, (vegar, fellesareal m.v. inklusiv) gjev dette 313 bustadtomter i planperioden, d.v.s. gjennomsnittleg ca.30 tomter pr. år.

INDUSTRI

I1-	Leirhaugen	ca. 50	dekar
I2-	Geiteryggen lagerområde.....	" 75	"
I3-	Husøyne.....	" 12	"
I4-	Vestre del av Vikøyne.....	" 35	"
I5-	Området Petterbråten/Svøo langs Valdresvegen.....	" 130	"
I6-	Området mellom Hallingdal Auto og Gol renseanlegg.....	" 25	"

Sum bruttoareal i planperioden..... " 327 dekar, d.v.s. ca 30 dekar pr. år til industriformål.

OFFENTLEGE BYGNINGAR

Tomta bak jordskiftekontoret.....ca. 4 dekar
1/3 av Breidokjordet..... " 6 "
1/3 av midtre del av Vikøyne..... " 22 "

Sum bruttoareal i planperioden....ca.32 dekar, d.v.s. ca. 3 dekar pr. år til offentlig formål.

FORRETNINGSAREAL

Forutan tidlegare regulert areal i Gol sentrum er det avsett ca. 15 dekar til forretningsformål rett aust for Hahaug.

KOMBINERTE UTBYGGINGSFORMÅL

Breidokjordet er vist med kombinert utbyggingsformål;- bustader, offentlege bygningar og parkareal.

Midtre del av Vikøyne har fylgjande kombinerte utbyggingsformål: Offentlege bygningar, parkareal og offentleg trafikkområde.

I austre del av Gol sentrum er det for eit område kombinert bustad- og forretningsareal.

KOMMUNIKASJONAR

Det er vist 2 alternative trasear for ny riksveg 52 til Hemsedal, alt.A og alt.B. Dette betyr at kommunen pr. i dag ikkje har teke standpunkt til ny riksvegtrase gjennom Gol tettstad til Hemsedal.

KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE I M=1:5000

I nedre del av Åsgardane i tilknytning til Gol tettstad, er det avsett 250 dekar til industriformål.

Utenom 2 regulerte bustadfelt (feltet til Treverket og feltet til Stigen), er det avsett 2 mindre bustadfelt som tilsaman gjev rom for ca. 10 bustadtomter. I Stigenfeltet, som ikkje er bebygd, er det 7 ledige tomter.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROTNEIM I M=1:5000

I kommunedelplanen for Rotneim er det sett av eit tomteareal ved Grovvegen på ca. 22 dekar for bustadbygging. Arealet gjev rom for ca. 7-8 bustader. 2 av desse tomtene er allereie bebygd.

Planen viser dessutan eit tidlegare regulert bustadfelt på 3 tomter aust for Rotneim skule, langs nordsida av fylkesveg 223.


KOMMUNEDELPLAN FOR ØYGARDANE I M=1:5000

Det er avsett ca. 10 dekar til bustadføremål (4-5 tomter) og ca. 3 dekar til utviding av eksisterande skuletomt.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU I M=1:5000

Kommunedelplanen for Robru viser 2 nye bustadfelt.

Kvart felt er på ca. 25 dekar og gjev rom for tilsaman ca. 15 bustadtomter.



GOL KOMMUNE

OLDSAKSAMLINGEN
2061 07/06/1
HGR

2.

Buskerud fylkeskommune, Gol, 04 .07 .89
Plan- og næringskontoret, Haugesgt. 89, 3000 Drammen
Fylkesmannen i Buskerud, Haugesgt. 89, 3000 Drammen.
Fylkesmannen i Buskerud,
miljøvern avdelingen, Fylkeshuset, 3019 Drammen.
Fylkeslandbrukskontoret i Buskerud,
postboks 1910, 3002 Drammen.
Forsvarets distriktsing./Oppland,
postboks 175, 2301 Hamar.
Universitetet i Oslo, oldsaksamlingen,
Fredriksgt. 2, 0164 Oslo 1.
Buskerud vegkontor, postboks 2265 Strømsø, 3003 Drammen.
NSB, Strømgaten 2, 5015 Bergen.
Det Kongelege Miljøverndepartement,
postboks 8013 Dep. 0030 Oslo 1.

Journalnr.:
00103/89

Arkivnr.:
503

Saksbehandler:
OF

KOMMUNEPLAN FOR GOL LANGSIKTIGE MÅL OG RETNINGSLINJER

Gol kommunestyre vedtok (eigengodkjente) kommuneplan for Gol i møte 28.06.1989, sak nr. K 62/89.
Utskrift frå møteboka i denne saka fylgjer vedlagt til orientering.

Fylkesmannen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune, plan- og næringskontoret vil med det aller første få tilsendt kommuneplandokumentata ajourført i samsvar med kommunestyret sitt vedtak.

Dei andre fylkeskommunale og statlege instansar vil av praktiske grunnar ikkje få tilsendt den vedtekte kommuneplanen før utpå hausten i år då planen, herunder arealdelen, først då vil vera klar for mangfoldiggjering.

Med helsing

Lornts Letnes
Lornts Letnes
Rådmann

Oddvar Fjøsne
Oddvar Fjøsne
Komm.planleggar

Vedlegg.

89006117/TXTODDVA

Adresse:
3550 Gol


Telefon:
067-74 100

Bankgiro: 9211.05.00051
Postgiro: 5 49 84 07
Postgiro skatt: 1 20 61 76

Kommunestyresak 62/89 inneheld desse dokumenta som utgjer

KOMMUNEPLAN FOR GOL:

- Kommuneplan for Gol 1988 - 2000, langsiktige mål og retningslinjer dagsett mars 1989.
- Kommuneplanens arealdel som består av fylgjande kart:
 - Kommuneplan for Gol, m=1:50.000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Gol tettstad, m=1:5000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Åsgardane, m=1:5000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Rotneim, m=1:5000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Øygaardane, m=1:5000, dagsett mars 1989.
 - Kommunedelplan for Robru, m=1:5000, dagsett mars 1989
- Planforklaring dagsett mars 1989.



GOL KOMMUNE

M Ø T E B O K

Sak.nr. K 062/89 J.nr. 00103/89 A.nr. 503

Sak.nr.	Utvalg	Møtedato	Avd/Sbh
031/89	FORMANNSKAPET	11/01-89	F /TOB
036/89	FORMANNSKAPET	18/01-89	F /TOB
128/89	FORMANNSKAPET	16/03-89	F /TOB
185/89	FORMANNSKAPET	24/05-89	F /OF
194/89	FORMANNSKAPET	06/06-89	F /OF
199/89	FORMANNSKAPET	14/06-89	F /OF
062/89	KOMMUNESTYRET	28/06-89	F /OF

FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL

Saksbehandlar: O.Fjøsne

Gol formannskap, som kommuneplanutval, vedtok i møte 16.03.89 å leggja forslag til kommuneplan for Gol ut til offentleg ettersyn i samsvar med §20-5 i plan- og bygningsloven.

Planforslaget har vore lagt ut til offentleg ettersyn i tida 30.03 - 02.05.89.

Planforslaget er sendt fylgjande instansar til eventuell uttale:

KOMMUNALE STYRER/RÅD/INSTANSAR:

Landbruksnemnd
 Skulestyre
 Helse- og sosialutval
 Administrasjonsutval
 Bygningsråd
 Kulturstyre
 Innlandsfiskenemnda
 Viltnemnda
 Soknerådet (2 eksemplar)
 Næringsmiddelkontrollen

Forbrukarnemnda
 Gol reiselivslag
 Gol handelstands forening
 Landbruksfagleg utval
 Bondelaget i Gol
 Grunneigarlaget i Gol

Hallingdal kraftlag
 Nord-Aurdal kommune
 Sør-Aurdal kommune
 Nes kommune
 Ål kommune
 Hemsedal kommune

Regionplanrådet for Hallingdal

Adresse:

3550 Gol

Telefon:

067-74 100

Bankgiro: 9211.05.00051

Postgiro: 5 49 84 07

Postgiro skatt: 1 20 61 76

Partigruppene:

Høgre
 Venstre
 Arbeiderpartiet
 Senterpartiet
 Kristeleg folkeparti
 Sosialistisk venstreparti
 Framskrittspartiet

FYLKESKOMMUNALE OG STATLEGE INSTANSAR:

Buskerud fylkeskommune
 Fylkesmannen i Buskerud, Miljøvernavdelingen
 Fylkesmannen i Buskerud
 Buskerud fylkeslandbruksstyre
 Forsvarets distr.ing./Oppland, boks 175, 2301 Hamar.
 Univsersitetet i Oslo, Oldsaksamlingen,
 Vegsjefen i Buskerud
 NSB Bergen distrikt

NSB og forsvaret har etter søknad fått utsett fristen for uttale til 23. mai d.å.
 Fylkeslandbruksstyret og 15 grunneigarar i Glitreområdet har etter søknad/førespurnad fått forlença frist for uttale til 24.mai 1989.

Det er kome inn 30 skriftlege merknader/protestar frå private personar eller private instansar.

Merknadane fordeler seg slik:

Kommuneplanen for Gol.....6
 Kommunedelplan for Gol tettstad..19, herav 12 vedr. rv.trasear.
 Kommunedelplan for Robru.....1
 Kommunedelplan for Øygdane.....1
 Kommunedelplan for Åsgardane.....3

Det er kome inn 21 merknader/svar frå offentlege instansar.

KORT OM DEN VIDARE SAKSGANGEN ETTER AT PLANFORSLAGET HAR VORE LAGT UT TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet, som kommuneplanutval, skal vurdere innkomne merknader/protestar og gje tilråding overfor kommunestyret. Kommunestyrets vedtak om kommuneplanen er endeleg dersom det ikkje er kome "innsigelser" frå fylkeskommunen eller berørte statlege fagmyndigheter og kommunestyret ikkje vil ta innsigelsane til fylgje. Kommunestyret kan forkaste eller ta hensyn til merknader/protestar frå private personar eller instansar.

Kommunestyret sitt vedtak om kommuneplan kan ikkje påklagast, heller ikkje kommunestyrets vedtak om arealdelen

Når kommunestyret har vedteke kommuneplanen, skal det sendast eitt eksemplar til Miljøverndepartementet, fylkesmannen, fylkeskommunen og berørte statlege fagmyndigheter til orientering.

Kommunestyret sitt endelege vedtak om kommuneplanen skal kunngjerast.

A. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEPLANKARTET MED BESTEMMELSAR:

A-1) Protest frå styret i Kamben stølslag v/Knut Leikvoll m/fl.

- Inneikna landbruks-, natur- og friluftsområde på Kamben må utgå av kommuneplanen.
- Styret meiner at landbruksnemnda i Gol ivaretek landbruksinteressene utan at det er trekt opp grenser for eit slikt område.
- Eventuelle tomter til utleigehytter må koma i tillegg til tidlegare tildelte tomter, sjølv om enkelte grunneigarar ikkje har brukt desse tomtene.
- Når det gjeld utleigehytter skal det ikkje setjast noko krav om antal årsverk.
- Krav om høg standard på utleigehytter må også gjelde for stølsbuer då begge kategoriar er å betrakte som driftsbygningar i jordbruket.
- Styret for Kamben seterlag vil gjerne ta del i ei synfaring med representantar både frå kommunen og fylket for å kunne finne høvelege areal for hyttebygging.

A-2 Protest frå stølseigarane på Einarset stølslag v/Thor Bakken m.fl.

- Stølseigarane meiner at innteikna landbruks-, natur- og friluftsområde på Einarset stølslag må takast ut av planen fordi jordbruket sine interesser er godt nok teke vare på innanfor lovverk.

A-3 Protest frå Østen Jorde.

- Protesterer over innteikna landbruks-, natur- og friluftsområde over areal på Kamben.
- Dette fører til større "skjeivheter" enn før på grunn av at fleire grunneigarar ikkje får godkjent sine hyttetomter.
- Ø.Jorde trur at han i samråd med den lokale landbruksnemnda vil koma fram til løysingar utan å leggja slike restriksjonar på bruken av arealet som kommuneplanforslaget legg opp til.
- Han opplyser at det no er 3. gongen at han får avslag på sine 6 hyttetomter.

A-4 Protest frå Guttorm Frøysok.

- Viser til protest frå stølseigarane i Einarset stølslag.
- Dersom denne protesten ikkje skulle verta teken til fylgje, vil Frøysok for sin del be om at område som vist på kartvedlegg, vert teke ut av planen.

A-5 Merknad frå Ole og Solveig Trøstheim.

- Trøstheim ber om at det på hans eigedom 6/2 kan lata seg gjera å få frådelt 2-3 bustadtomter sjølv om eigedomen på kommuneplankartet inngår i landbruks-, natur- og friluftsområde som kun kan nyttast til tradisjonell landbruksdrift. Dei

aktuelle tomtene er innteikna på eige kartvedlegg i m=1:5000 og Trøstheim meiner at frådelling av tomtene ikkje vil få nokon negativ betydning for landbruket i området.

A-6 Merknader frå Ødegården skytterlag v/form. Erling Lio.

-Skytterlaget ønskjer at Heimsil skytebane vert teken med i kommuneplanen.

Dette fordi det på noverande tidspunkt ikkje fins noko akseptabelt alternativ til Heimsil skytebane som hovedanlegg i Gol. Det er i løpet av dei 4 siste åra bygd ny 200m bane med 15 skiver. 100m-bana er fornya og har 8 dobbeltskiver. Gol jeger- og fiskeforening har bygd leirduebane på anlegget. Skytterlaget har motteke banebidrag til nemnde utbygging og kan i følge reglementet ikkje få noko nytt bidrag før det er gått 20 år.

VURDERING AV MERKNADER/PROTESTAR UNDER PKT. A

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Kamben-/Einarsetområdet.

Dei aktuelle grunneigarane som protesterer vil ha det foreslåtte området ut av kommuneplanen. Grunneigarane har, med unntak av Frøysok, ikkje gjeve uttrykk for at dei har avvikande synspunkt på avgrensingen av området.

Eit sentralt hovedmål i kommuneplanforslaget er å ivareta produksjonsgrunnlaget i landbruket og naturmiljøet i kommunen. Det aktuelle området er eit større, samanhengande areal som kommunen meiner er viktig å oppretthalde som landbruk for framtida. Det burde og vera i grunneigarane si interesse å ta vare på dei landbruksressursane som ligg i dette området og sikre framtidige generasjonar grunnlaget for landbruksdrift. Dei grunneigarar i området som ikkje får utnytta sin hyttekvote p.g.a. restriksjonar i dette området, bør samarbeide med andre grunneigarar om makeskifte eller felles utbyggingsareal for hytter i andre områder innan stølslaga.

Utleigehytter i tilknytning til landbruksnæring.

Det står i kommuneplanforslaget at driftsplan medrekna utleigehytter må ikkje overstige 2 årsverk pr. bruk. Dette fordi kommunen primært ynskjer å styrke dei bruk som har mest behov for det. Kommunen har ingen innvendingar mot at også stølsbuer skal ha høg standard når forholda ligg til rette for det.

Frådelling av bustadtomter på eigedomen 6/2 som ligg i landbruks-, natur- og friluftsområde.

Kommuneplanforslaget inneber at det ikkje kan førast opp bustader som ikkje har tilknytning til landbruksnæringen i det området som eigedomen 6/2 ligg i. Ein viser elles til retningslinjer for avkøyrslar langs riks- og fylkesvegar utarbeidd av vegvesenet der det framgår at vegvesenet på den aktuelle rv.7-strekningen har ein svært streng haldning til nye avkøyrslar eller utvida bruk av eksisterande avkøyrslar.

Heimsil skytebane.

Kommunen tek sikte på å ha eitt skytebaneanlegg i kommunen. Heimsil skytebaneanlegg er ikkje innteikna på kommuneplanforslaget fordi kommunen for tida utredar spørsmålet om kvar det framtidige anlegget skal lokaliserast. 2 alternative forslag er i desse dagar ute til høyring bl. a. hos skyttarlaga i Gol. Det vil ikkje bli teke standpunkt i denne saka før skyttarlaga og andre berørte partar har uttalt seg.

KONKLUSJON:

MERKNADANE/PROTESTANE UNDER PUNKT A VERT IKKJE TEKNE TIL FYLGJE.

B.MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD.

Alternative trasear for riksveg 52/49.

Protestar mot alt. A - "Vonheimalternativet". Desse har kome med skriftlege protestar på dette alternativet:

- B-1 Hesnarystadvn vel v/Svein Olav Tøvsrud.
"Vonheimalternativet må utgå av kommuneplanforslaget.
- B-2 Konrad Fauske.
Kvifor er "Vonheimalternativet endra?
Kvifor er ikkje bustadtomma vist på kommuneplanen?
Etterlyser konsekvensanalyse av dei aktuelle riksvegtrasear.
- B-3 Nemnda til å arbeide mot "Vonheimalternativet" som ny trase for framtidig Hemsedalsveg RV.49/52 v/ A. Gujord m.fl.
Nemnda går imot "Vonheimalternativet".

Protestar mot alt. B - frå Glitreområdet-Hesla bru og nordover på austsida av Heimsil. Desse har kome med skriftlege protestar på dette alternativet:

- B-4 Per Medgård og Olav Lokreim.
Påpeikar at vegtraseen berører hushjørne og garasje.
- B-5 Oddny Marie Olsen
Vil ikkje ha riksveg på sin eigedom.
- B-6 Halvor Lien
Protesterer generelt på riksvegalternativet.
Påpeikar uheldig oppdeling av eigedomen 31/20.
Protesterer på lokalisering av industriområde, 15
- B-7 Halvor Lien
Generelle merknader, - lite framtidsretta alternativ med omsyn til stigningsforhold, vegklasse (bredde, ikkje krabbefelt), kurvatur, samanblanding av fjerntrafikk og lokaltrafikk m.v. Forslag til 4 alternative trasear.
- B-8 Anna, Ragnhild, Anne-Mette og Ole-Aksel Lien.
Unødvendig å legge ein så sterkt trafikkert veg like inntil "beboelse" då det er så god plass mot øst ved Olsenmyr 10/9.
- B-9 Oskar Gjestemoen.
"Vonheimalternativet har vært kjent for alle som har bygget i Vesterhuset og andre tilstøtende byggefelter.

Vonheimalternativet vil tilfredsstillere de krav som vi må kunne stille til en framtidig riksveg 49/52. Det viste forslag vil stigningsmessig bli en dårlig løsning med tanke på framtidens tungtrafikk. Stigning ca. 1:11,3.

Alternativet vil føre med seg skjæring på opptil 10 m og vil dermed tvinge fram tunnel eller "lokklegging" over en lengre strekning.

Alternativet raserer Medgårds bebyggelse.

Planløsningen med bygg nr. 2 på min boligtomt, som er vist på tegning fra 1962, blir umuliggjort."

- B-10 Knut og Magne Skredderberget og Olav A. Rust. Kommunen har tidlegare lagt ut areal og vedtatt "Vonheimalternativet. Dette bør benyttast då dette alternativet var kjent før det vart selt tomter i byggefelta Heslarystadvn og Vesterhuset.
- B-11 Margit I. Holden. Påpeikar ulemper som støy, eksos, støv samt verdiforringelse av tomta.
- B-12 Ola S. Skredderberget m. fl. Vonheimsalternativet er innregulert i fleire reg. planar godkjent av kommunestyret. Dette alternativet er kjent for alle som har kjøpt tomt og bygd bustadhus i tilstøytande bustadfelt. Eksisterande riksveg på Glitre vert heva betydeleg på strekningen fram mot Hesla bru. Alternativ B er lite framtidsretta då ein får ein samanblanding av lokal- og riksvegtrafikk i området ved Hesla bru. Vonheimalternativet vart vedteke i kommunestyret i 1986. Stiller spørsmål om bumiljøet på Glitre, som vart etablert før bl. a. Heslarystadvn, er mindre verdt. Alternativ B berører like mange bustader som alternativ A.

Bustadfelt - bustadtomter.

- B-13 Heslarystadvn vel v/Svein Olav Tovsrud. Protesterer på bustadfelt mellom Heslarystadvn og Hemsedalsvegen av fylgjande grunnar:
 -Behovet for friområder rundt bustadfeltet.
 -Med 12-15 bustadeiningar vil busetnaden i området auke med 50% med tilsvarende auke i biltettheten.
 -Avkøyring til planlagt bustadfelt vil krysse etablert gangveg og dermed gjera skulevegen meir utrygg.
 -Feltet dårleg eigna til bustader på grunn av trafikkstøy og luftforurensing frå riksveg 52.
 -Særleg vil dei 6 tomtene langs nordsida av Haslevegen bli berørt av ny bebyggelse.
- B-14 Asle K. Hesla Protesterer på at resten av den skog som grensar inntil jordeigedomen 14/1 blir ekspropriert. Mesteparten av den skogen som var lett tilgjengeleg er tidlegare ekspropriert av kommunen.
- B-15 Ragnhild Viko. Offentleg areal berører eigedomen og må diskuteras nærare med grunneigar. Problem med bratt atkomstveg til Hahaug, kan og bli problem med vatn og vassgrøft.

B-16 Embrik og Arve Kinnebergbråten.
Har merknader til at deira tomteareal, gnr.14, bnr.227 Bakkelund II, er innteikna som landbruksareal trass i at landbruksstyresmaktene ved skylddelingsforretning av 8.nov.1965 har godkjent arealet frådelt til byggetomt.

Skiheisanlegget i Golreppen.

B-17 Styret i Gol skiheiser A/S v/S. Markussen.
Anmodning om at utviding av skiheisområdet austover som vist på kartvedlegg i m=1:5000 blir teke med i kommuneplanen. Utvidingen inneber ny stolheis (ca.850m) og 2 nye skitrekke på henholdsvis 200 og 1150m.

B-18 Gol skiheiser A/S v/Torbjørn Rustberggard.
Samme som merknad B-14.
Styret i Gol skiheiser A/S og reiselivsnæringen ser det som svært viktig at anlegget får ein oppgradering slik at det tilfredsstillir dagens krav. Dette er ein forutsetning for at vintertrafikken i Gol skal kunne auke.

Vikoøyne - arealbruk.

B-19 Olaf Viko v/Einar Viko og Pers Eiendom A/S v/Torbjørn Rustberggard.
Diskusjonsskisse for arealbruk av Vikoøyne i m=1:1000 samt perspektivskisse med skriftleg forklaring/synspunkt.

OPPLYSNINGAR TIL/VURDERING AV MERKNADANE UNDER PUNKT B.

Alternative trasear for riksveg 52/49.

Generelt kan opplyst at ein kommuneplan/kommunedelplan er ein oversiktleg (grovmaska) plan samanlikna med ein reguleringsplan, som er ein detaljplan.

Ein kommuneplan/kommunedelplan skal leggest til grunn ved vidare planlegging, forvaltning og utbygging i kommunen. Dette betyr i praksis at utbygging av bustadområder og andre utbyggingsområder og vegsystem ikkje skjer før det vert utarbeidd reguleringsplanar som vert sluttbehandla i kommunestyret.

Ved reguleringsplanprosessen vert berørte grunneigarar varsla skriftleg fleire gonger.

Dette for å få fram at ein ut frå dei viste riksvegalternativa på kommunedelplanen for Gol tettstad (på kommuneplanstadiet) ikkje kan diskutere detaljar vedr. plassering av dei alternative traseane. Ein slik diskusjon må i hovudsak koma ved utarbeiding og behandling av reguleringsplan for den aktuelle riksvegtrase med tiliggande areal.

Alternativ A "Vonheimalternativet" i kommunedelplanen for Gol tettstad er såleis ikkje endra i forhold til vegvesenet sine tidlegare utarbeidde planar.

Vegkontoret i Buskerud har ikkje kome med nokon samanlikning, - konsekvensanalyse - av dei 2 alternative riksvegtraseane. For at dei folkevalde i Gol skal få eit best mogleg grunnlag å fatte vedtak på i denne viktige saka, har kommunen bedt vegkontoret om å koma med ei skriftleg vurdering av dei 2 alternativa.

Sjølv om slik vurdering enno ikkje føreligg, kan fylgjande uttalast om dei to alternativa:

- Alt. B berører minst like mange bustader som alt A ("Vonheimalt.")
- Alt. A berører fleire offentlege institusjonar enn alt.B.
- Alt. A er meir framtidsretta enn alt. B med omsyn til stigningsforhold, kurvatur og separering av lokal- og fjerntrafikk. Største ulempene med alt. B er at ein får samanblanding av fjern- og lokaltrafikk i eitt og same plan i rundkøyringen ved Hesla bru og at stigningforholda frå Hesla bru og nordover kan skape problem, spesielt vinterstid. Det er heller ikkje planlagt krabbefelt på denne strekningen med stigningsforhold på mellom 1:11 og 1:12.
- Alt. B ligg betre til rette for etappevis utbygging og er dessutan billegare enn alt. A.

Det vil vera naturleg å avvente uttale frå vegkontoret i Buskerud om dei 2 alternativa før det vert gjeve tilråding i traseval.

Bustadfelt - bustadtomter.

Heslarystadsn bustadfelt har i dag 33 bustader. Feltet har blindvegssystem, d.v.s. det går ikkje trafikk gjennom feltet til andre felt og må seiast å vera svært sa trafikkikkert og miljøvenleg. Planlagt utbygging nord for Heslarystadsn vil ikkje forringe trafikkikkerhet og miljø i Heslarystadsn då trafikk til og frå det nye feltet ikkje går gjennom eksisterande bumiljø.

Det bør ved vidare planlegging (utnyttingsgrad) takast omsyn til behovet for ein del grøntområde og eventuelt støyskjerming mot Hemsedalsvegen. Feltet er billeg å bygge ut då det ligg hovedledninga for vatn og kloakk i området.

Arealutnyttingen av eigedommen til Ragnhild Viko i kommuneplanforslaget er identisk med godkjent reguleringsplan for Gol sentrum vest. Eigedommen er regulert til friareal. Dei praktiske spørsmåla som vert reist er detaljspørsmål som må avklarast nærare med teknisk etat.

Tomtearealet til Kinnebergbråten i Pålstigenområdet ligg inntil eit område med ein god del busetnad. Tomtearealet kan bebyggast først når det blir ført fram offentleg vass- og kloakkledning til dette området, og arealet inngår i reguleringsplan for området Pålstigen.

Utviding av skiheisområdet i Golreppen.

Når det gjeld anmodning om utviding av skiheisområdet, så er dette ein så vesentleg endring av kommuneplanen at endringane må føreleggjast grunneigarar, landbruksstyresmakter, m.v. til uttale før det vert teke endeleg standpunkt til anmodningen. Då det ikkje er tid til innhenting av slike uttalar før sluttbehandlingen av kommuneplanforslaget i kommunestyremøte i slutten av juni d.å., må spørsmålet om utviding av skiheisområdet takast oppatt i samband med det vidare arbeid med kommuneplanen.

Vikøpyne.

Diskusjonsskisse for arealbruk av Vikoøyne avvik frå kommuneplanforslaget i hovedsak på 2 punkt. I kommuneplanforslaget er vestre del av øya avsett til industriformål medan diskusjonsskissa viser park/aktivitetsareal. På midtre del av øya er det foreslått supermarked medan kommuneplanforslaget ikkje legg opp til slik forretningsverksemd i det heile på Vikoøyne. Større forretningsverksemd er i kommuneplanforslaget tenkt lokalisert inntil sentrumsområdet aust for Hahaug. Ein meiner det kan få negative konsekvensar for sentrumsområdet i Gol dersom det blir etablert vanleg forretningsverksemd på Vikoøyne.

KONKLUSJON:

VAL AV RIKSVEGALTERNATIV BLIR UTSETT TIL VEGVESENET HAR KOMME MED EI SKRIFTLIG VURDERING AV DEI TO ALTERNATIVA. MINDRE UREGULERT TOMTEAREAL I PÅLSTIGENOMRÅDET SOM ER FRIGJEVE AV LANDBRUKSSTYRESMAKTENE, KAN FØRST BEBYGGAST NÅR DET ER FØRT FRAM OFFENTLEG VASS-OG KLOAKKLEIDNING TIL OMRÅDET OG OMRÅDET INNGÅR I GODKJENT REGULERINGSPLAN. SPØRSMÅL OM UTVIDING AV SKIHEISOMRÅDET MÅ VURDERAST I SAMBAND MED DET VIDARE ARBEID MED KOMMUNEPLANEN. VIKOØYNE BØR IKKJE NYTTAST TIL VANLEG FORRETNINGSVERKSEMD ØVRIGE PROTESTAR VERT IKKJE TEKNE TIL FYLGJE.

C. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU.

C-1 Kåre Magnussen.

Eigedomen 41/29 blir sterkt berørt av ny riksvegtrase og gangvegtrase. Gangvegtraseen vil føre til problem for avkøyrse til eigedomen.

KONKLUSJON:

FORESLÅTT AREALDISPONERING I KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU VERT OPPRETTHALDE. PROBLEM MED AVKØYRSLE TIL EIGEDOMEN 41/29 P.G.A. GANGVEGTRASE MÅ AVKLARAST/LØYSAST PÅ DETALJPLANSTADIET.

D. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ØYGARDANE.

D-1 Storefjell Hotell A/S.

Ynskjer bustadfelt på eigedomen Sorteberg. Gunstig lokalisering i forhold til skule og gangvegsamband.

KONKLUSJON:

LOKALISERING AV BUSTADELT PÅ EIGEDOMEN SORTEBERG VIL BLI VURDERT I DET VIDARE ARBEID MED KOMMUNEPLANEN DÅ AREALET HAR EI GUNSTIG PLASSERING I FORHOLD TIL SKULE MED TRAFIKKSIKKER SKULEVEG.

E. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE.

E-1 Kristin Gjerden.

I samband med innsendt forslag til reg.plan for utvida turistverksemd på Solseter, ber grunneigar om at dette blir innarbeidd i kommuneplanen. Utvidinga gjeld 10,5 dekar til utleigehytter, 15 dekar til campingplass samt oppføring av garasje og sanitærbygg.

E-2 Kristen G. Viko.

Ber om at det blir teke med 6 bustadtomter på eigedomen 23/36.

- E-3 Herman Nibstad
Ber om at eigedomen 23/111 - Rustebrenna sag - blir utlagt til bustadformål.

KONKLUSJON:

BUSTADAREAL PÅ EIGEDOMANE 23/36 OG 23/111 KAN IKKJE TILRÅS DÅ DET BL. A. IKKJE ER TILFREDSSTILLANDE GANGVEGSAMBAND TIL ÅSGARDANE SKULE.

UTVIDA OMRÅDE FOR SOLSETER KAN IKKJE TAKAST MED I KOMMUNEPLANFORSLAGET SÅ LENGE NABOAR OG PLANSTYRESMAKTER IKKJE HAR HATT HØVE TIL Å UTTALE SEG.
KOMMUNEN VIL TA STILLING TIL DEN FORESLÅTTE AREALDISPONERING FOR SOLSETER I DET VIDARE ARBEID MED KOMMUNEPLANEN

F. MERKNADER FRÅ OFFENTLEGE STYRER/RÅD/INSTANSAR.

F-1

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, PLAN- OG NÆRINGSKONTORET.

Har ikkje innsigelse til planforslaget.

Påpeikar at det er viktig med tilrettelegging for god sentrumsutvikling som ledd i reiselivsutviklinga.

Påpeikar at det ikkje er nok med tilrettelegging av bustadfelt ute i krinsane. Det vil og vera behov for rimeleg tilbod av annan tenesteyting samt fellesfunksjonar.

Viktig med snarleg avklaring av framtidig riksvegtrase til Hemsedal.

F-2

VEGKONTORET I BUSKERUD

Har ikkje innsigelse til planforslaget.

Ber om at kommunen reserverar ein korridor langs jernbanen for framtidig omlegging av riksveg 7 frå Svenkerud til det planskilde krysset ved Vikoøyne.

Påpeikar generelt at det er uheldig at kommunedelplanane legg opp til å behalde spredte utbyggingsområder langs riksvegar.

Ein bør unngå støyømfjendleg verksemd langs nye og eksisterande riksvegar.

F-3

GOL VILTNEMND.

Ingen spesielle innvendingar til planforslaget.

Under miljøvern bør det takast med eit punkt der vern av gode leveområder for vilt er prioritert.

F-4

GOL ELDRERÅD.

Støttar framlegget til lokalisering av Gol eldrebu/boligspareklubb for eldre til Breidokjordet.

Viktig å sikre området rundt helsetunet for dei eldre til velferdssenter, kommunale trygdebustader, utviding av helsetunet m.v.

Heile området, inkludert Breidokjordet, må sikrast med tanke på dei eldre sine behov.

F-5

GOL VENSTRE

Meiner med visse atterhald at alle punkta som er sett opp som hovedmål, er viktige. Vil dermed ikkje ha nokon prioritering av desse. Vil ikkje ha med punkta service og informasjon og løns- og personalpolitikk som hovedmål i planperioden.

Nytt punkt om organisasjon samt ein der mindre endringar under 1.4 Hovudmål for den framtidige utviklinga i Gol.

Andre merknader:

Området ved Svøo (I5) må ikkje bli industri, men avsetjast til offentleg formål, gjerne skuleutbygging.

Går imot at det skal vera industri på Vikoøyne.

Utleiehytter tilknytta landbruksnæringa bør liggje i tilknytning til gardsbruka.

F-6

GOL SV V/JAN HALVORSEN

Går inn for "1-6 skoler" i alle kretsane.

Elevtimetalet for grunnskuleelevene i Gol bør i løpet av planperioden bli 150 t/v.

Uaktuelt mål med eit 10. frivillig skuleår.

Det må snarast råd er utredast kva behov det er for fritidsheimplassar i Gol.

Påpeikar at skuleanlegga i Gol er forholdsvik gamle og såleis må opprustast for å bli tidsmessige.

Har elles synspunkt på skuletilbodet for psykisk utviklingshemma, skulens innhald og skulens samarbeidspartnere.

F-7

HOVEDUTVALET FOR KULTUR

Vedtak:

"Hovudutvalet for kultur har drøfta kommuneplanen og vil gje slik uttale:

Til hovudmål/oppgåver:

Hovudutvalet for kultur ser det som ei hovudoppgåve for Gol å etablere ein infrastruktur/servicetilbod som kan føre til auka innflytting/reduisert utflytting, styrke kommunen sin posisjon som regionsenter og gjere Gol til ein triveleg stad å bu.

Med basis i dette meiner hovudutvalet for kultur ein bør prioritere følgjande oppgåver:

- * Kreativt næringsutviklingsarbeid.
Jobbskaping med utgangspunkt i lokalsamfunnet. Arbeide for å få lokalisert høyteknologi arbeidsplassar i kommunen/ arbeidsplassar som er tilpassa det høge utdanningsnivået ungdom i dag for ein stor del har.
- * Barnehage/fritidsheim.
Byggje ut barnehagetilbodet til full dekning og etablere ei ordning med fritidsheim.
- * Kultur/miljø.
Kommunen vil arbeide for å utvikle kultur og kulturomgrepet til å bli levandegjort i lokalsamfunnet og tufta på dalen sin eigenart, stimulere mangfaldet i frivillig lags- og organisasjonsarbeid og dessutan leggje forholda til rette for kyrkja og kyrkjelivet.
Det vil elles bli lagt vekt på å ivareta (verne om) særprega

bygningssmiljø og kulturlandskap, samt:

- Vektleggje miljøtiltak i boligområda (leikeplassar/trygge trafikkforhold m.v.).
- Utvikle sentrumsmiljøet/gjennomføre sentrumsplanen med regulerte trafikkforhold og store innslag av grøntområde/beplantningar/park.
- Sikre naturmiljøet gjennom bevisst satsing på miljøtiltak i belasta turistområde (miljøplan for Golsfjellet) og skjerming av verdifulle naturområde/kulturlandskap.
- Leggje forholda til rette for eit godt og aktivt kulturtilbod: prioritere "aktivitets- og opplevingsarenaer" (høvlege lokale for utstillingar og eigen kultursal for kino/teater/konsertar).

* Utdanning.

Vidareutvikle skule- og utdanningstilbodet.

Gjennom regionalt samarbeid arbeide for å få etablert eit høgare utdanningstilbod i regionen/kommunen.

* Bolig.

Opparbeide byggjeklare tomter og etablere eit bolibbyggelag med innskotsleiligheter av ulik størrelse.

Arbeid og inntekt ei ein nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg, betingelse for at folk skal velje å busette seg ein stad. Folk ynskjer å busette seg der det samla velferdsutbyttet blir størst. Kultur og miljø er i så måte av avgjerande betydning for mange, og bør vere eit strategisk viktig satsingsområde i åra framover.

Til arealdelen:

Hovudutvalet for kultur går inn for at

- * ny trase for riksveg 52 til Hemsedal blir lagt inn i kommuneplanen etter alternativ B. Utvalet føreset at inventaret i Mølla og Frørensriet blir tatt vare på og at Halstensgård-bygget (landhandleriet) blir verna.
- * Breidokk-jordet blir regulert til park/friområde.
- * Svøo industriområde blir redusert i sydkant og at området vest for Hallingmo idrettspark blir reulert til almennyttige føremål (med tanke på ei eventuell framtidig skuleutbygging).
- * det blir sikra trasear for turvegar ut frå Gol sentrum og dei omkringliggjande boligområda.

Reservasjon:

Representantane Eirik Rust og Margit Breibrenna reserverer seg når det gjeld punktet om Breidokk-jordet og går inn for planane om regulering av området til park dersom "eldrebo" kan skaffast anna høveleg areal."

F-8

FORBRUKARNEMNDA

Vedtak:

"Forbrukarnemnda har desse merknadene til kommuneplan-forslaget: Nemnda ber om at kommunen arbeider aktivt for å få igang innsamling og resirkulering av glas og papir. Likeeins at kommunen lagar konkrete planar og følgjer opp desse når det gjeld spesialavfall.

Når det gjeld arealdelen, meiner forbrukarnemnda at Vikoøya må bevarast som "friområde" også i framtida - gjerne med ei form for "aktivitets-senter"/friluftsområde/parkanlegg.

Breidokjordet må takast vare på som grøntområde (parkanlegg) evt. jordbruksområde. Ved evt. bygging av t.d. eldrebustader bør dei leggjast i utkanten av området, slik at det framleis blir mest grøntareal der. Vi må ta vare på dei grøntareal som alt er i og omkring sentrum.

Opparbeidinga av sentrum ifølgje "Sentrumsplanen" må fullførast snarast."

F-9

UTTALE FRÅ KOMMUNELEGEN OG NÆRINGSMIDDELKONTROLLEN

Påpeikar behovet for en kartfesta oversikt over potensielle drikkevasskjelder samt en vurdering av avløpsforhold/kloakkering i samband med mindre bustadfelt spredt rundt om i kommunen.

Det bør utarbeidast eit detaljert geologisk kart med beskrivelse som avklarar områder med radonproblem.

Kommunen bør så raskt som muleg finne eigna områder for pelsdyrhold. Dette bør avklarast og teiknast inn på kart som viser arealdisponeringen i kommunen.

Ny bustadbebyggelse bør ikkje plasserast for nær landbrukseigedomar av omsyn til miljøforholda (luktplager m.v.)

F-10

NSB, EIGEDOMSKONTORET I BERGEN

Har planar om linjeomlegging ved Gol tettstad og ved Rotneim. Planane er på skissestadiet, og det er usikkert når og i kva grad prosjekta blir utført.

NSB vil oppretthalde den noverande aktivitet i Gol og vil eventuelt koma tilbake med merknader til reguleringsplanar som omfattar deira interesser.

F-11

SAMARBEIDSUTVALET FOR HALLINGDAL

Vedtak (samrøystes):

"Kommuneplan for Gol er lagt fram for samarbeidsutvalet til uttale. P.g.a. tidsfristen for uttale kan ikkje planen handsamast av Regionplanrådet.

Samarbeidsutvalet (unnateke ordførar Bjørnebråten) vil uttala at utbygging av Gol ikkje må gå ut over dei andre Hallingdalskommunane på dei områdene som Gol vil legga forholda til rette for regionsenter jamf. m.a. punkt 1.4 og 3.5. Samarbeidsutvalet meiner Hallingdal treng eit utstrakt samarbeid på alle områder og alle kommunane må ha det som mål i sine kommuneplanar."

F-12

GOL TRAFIKKRÅD

Trafikkrådets merknader til kommuneplanen:

"Åsgardane:

- Det bør monteres et fysisk skille mellom fortau og kjørebane fra Åsgardane skule til Bakkeberget (Treverket). Dette bør markeres som gangveg på kommuneplanen.
- Ved Solseter bør parkering og tilkomst til skiarenaen sikres i kommuneplanen.

Robru:

- Nytt boligfelt ved Renslo ligger nærme ny riksvegtrase. Dette mener trafikkrådet er en uheldig løsning. Kommuneplannemda bør vurdere andre alternativ til plassering av nytt boligområde.

Gol tettsted:

- Alle boligfeltene på Tuppeskogen (Vesterhuset, Heslarystaden m.fl) bør ha et felles gangveg system.
- Klemmavegen fra Lauvrudvegen til industriområdet bør lages bredere med adskilt gangveg og kjørebane fra Lauvrudvegen til krysset Klemmavegen-Vesterhusvegen.
- Ved ny riksvegtrase bør berørte parter bli tilstrekkelig skjermet mot støy og forurensning.

Gol sentrum:

- Det bør prioriteres å få fortgang i realisering av sentrumsplanen for å forbedre trafikksituasjonen i sentrum. Utvidelse av Gamlevegen og ferdigstillelse av kryssene ved Shell og Sparebanken Buskerud bør komme i første rekke. Opparbeiding av parkeringsplasser bør prioriteres før nye arbeider settes i gang i sentrum."

F-13

GOL BYGNINGSRÅD

Vedtak:

"Samferdsel

Vedrørende framtidig RV 7 vest for Hallingdalselva viser en til teknisk sjefs oversendingsbrev til formannskapet datert 10.01.89 vedrørende stamvegutrednin for RV 7.

Bygningsrådet ber om at det blir utarbeidet tekniske og økonomiske data vedrørende alternative vegtraseer for RV 49/52 gjennom Gol sentrum, og at det blir gjort et snarlig valg av trase.

Bygningsrådet viser til uttale fra trafikkrådet i sak TR 003/89.

Landbruk

Med 4 mot 3 stemmer tilrår bygningsrådet framlegget til kommuneplankart vedkommende landbruk.

Mindretallet - 3 stemmer- stemte for følgende alternativ:
Bygningsrådet går i mot særskilt regulering av landbruksområde i Einarset/ Kamben som vist i planframlegget.

Bygningrådet tilrår enstemmig at Jordloven §55 blir gjort gjeldende for alle godkjente regulerte hyttetomter.

Bustadareal

Bygningsrådet ber om at det blir satt av tilstrekkelig grøntareal i og mellom bustadområdene.

Bygningsrådet viser særlig til uttalen fra trafikkrådet vedkommende lokalisering av boligfeltet ved Renslo ved Robru.

Hytter

Mot en stemme tilrår bygningsrådet auke av grunnarealet for hytter til 125 m² som foreslått.

Mindretallet - en stemme- viste til langsiktige mål- og retningslinjer og mente arealet burde reduseres til 80 m², men stemte for eget framlegg om å holde på 100 m² som nå.

Utleiehytter tilknyttet landbruksnæringa.

Mot tre stemmer tilrår bygningsrådet framlegget til retningslinjer som vist i planframlegget.

Mindretallet - tre stemmer - stemte for at slike hytter skal lokaliseres i tilknytning til gardstun eller stølstun.

Natur- /miljø- og kulturvern.

Bygningsrådet gjorde slik enstemmig og generell uttalelse: "Vern av natur og miljø må være det overordna målet for all virksomhet i kommunen."

Vikoøyne.

Framlegget til kommuneplan blei tilrådd mot en stemme.

Mindretallet - en stemme- stemte for å angi hele øya som areal for off. bygninger, friområde og off. veiformål.

Breidokkjordet mellom Tunvegen og Breidokkvegen.

Bygningsrådet tilrår enstemmig at området blir angitt som areal for offentlige bygninger og friområde.

(Planframleggets forslag om bustader på Breidokkjordet går ut).

Representanten Sigrun Eng forlot møtet.

Vikojordet.

a) Området angitt som planlagt forretning, hotell, kontor, service:

Representanten Stavenes bad om merknad at området ikke skal kunne nyttes til forretning.

Område sør for Gymnasvegen, mellom Beinvegen og Gol Appartement bak Fokus Bank m.fl.

Bygningsrådet tilrår einstemmig at reguleringsformålet blir endret fra "forretning, hotell, kontor, service" til "Forretning, bustader", som for område Rolvshus.

Tomt bak legebustad aust for Beinvegen.

Bygningsrådet tilrår med 4 mot 2 stemmer planframlegget.

Mindretallet - to stemmer- tilrår området angitt som off. bygninger/ bustader med hensyn til eldreboliger.

Kvartalet ved Klepp m. fl.

Bygningsrådet tilrår med 4 mot 2 stemmer området angitt som boligareal.

Mindretallet - to stemmer- tilrår området angitt som planframlegget.

Kvartalet ved LK- senteret.

Bygningsrådet tilrår med 4 mot 2 stemmer planframlegget.

Mindretallet - to stemmer - tilrår området angitt som bolig/ forretning/ vegformål.

Industri.

Bygningsrådet tilrår enstemmig (6 medlemmer til stede) å angi del av planlagt område I5 sør for nordre ende av lysløype som areal for offentlige bygninger/ friområde.

Bygningsrådet tilrår med 4 mot 2 stemmer nordre del av I5 som planlagt. Mindretallet - to stemmer- tilrår dette arealet angitt som friområde.

Bygningsrådet tilrår enstemmig at arealet mellom I5 og eksisterende industriareal på Svøo angitt som industriareal.

Bygningsrådet tilrår enstemmig at planlagt landbruks- natur- og friluftsansarealet aust for Hesla Bru og nord for RV 49 blir angitt som i stadfestet reguleringsplan."

F-14

GOL LANDBRUKSNEMND

Bustadfelt på Hagaskogen.

Eit fleirtal på 3 medlemmer går inn for kommuneplanforslaget. Mindretallet går inn for begrensa utbygging ved at feltet vert redusert i sørvestre hjørne og nord for skytebanen.

Forretningsområde rett aust for Hahaug.

Eit fleirtal på 3 medlemmer går inn for kommuneplanforslaget. Mindretallet, 2 medlemmer, går imot omdisponering av arealet.

Vikojordet.

Landbruksnemnda går samrøystes imot kommuneplanforslaget. Nemnda har merka seg at dei utnyttingsplanar som er lagt fram synest å vera lite konkrete. Nemnda har i det høve merka seg at det er anledning til å ta arealplanen opp til ny vurdering etter 4 år.

Rotneim.

Nemnda går samrøystes mot den del av foreslått bustadfelt som legg på austsida av Grovvegen. Bustadfelt aust for skulen, som berører 2 eigedomar, bør leggest til ein av eigedomane. Elles ingen innvendingar til bustader i dette området.

Robru.

Nemnda går samrøystes inn for at bustadfeltet ved Hatten vert flytta nedover mot tidlegare frådelte tomter og såleis sparer det dyrka arealet i øvre del av foreslått felt.

Åsgardane.

Nemnda går enstemmig mot bustadfelt på eigedomen 12/1 tilhøyrande Eldstad. Av arronderingsmessige grunnar bør dette feltet flyttast til eigedomen 22/11 aust for eksisterande felt.

Seterområda/fjellområda.

Eit fleirtal på 3 medlemmer går imot kommuneplanforslaget når det gjeld innteikna landbruks-, natur- og friluftsområde på kanten/Einarset.

Mindreparten, 2 medlemmer, går inn for kommuneplanforslaget.

Elles ingen merknad til resten av arealdelen eller til kommuneplanens langsiktige mål og retningslinjer.

F-15

FYLKESLANDBRUKSSTYRET I BUSKERUD

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til fylgjande arealdisponering i kommuneplanforslaget:

Kommunedelplan for Gol tettstad.

-Forretningsareal rett aust for Hahaug (samrøystes).

-Travbabe/hestesportsenter på Vikojordet (samrøystes).

-Heile bustadfeltet på Hagaskogen (6 mot 1).

Fylkeslandbruksstyret har vidare samanfallande syn (samrøystes) med landbruksnemnda i Gol når det gjeld bustadfeltet ved Grovvegen på Rotneim, flytting av bustadfelt på eigedomen til Eldstad i Åsgardane og flytting av bustadfeltet ved Hatten, Robru.

"Fylkeslandbruksstyret vedtok tilslutt enstemmig å vise til den landbruksfaglige arealvurdering fra 1986 - sak 549 - hvor fylkeslandbruksstyret godkjente betydelige C-arealer i tilknytning til Gol sentrum. Disse arealer vi kunne dekke behovet for utbygging i planperioden."

F-16

HEMSEDAL KOMMUNE

Hemsedal kommune har ingen merknader til kommuneplanforslaget.

F-17

SOKNERÅDA (SAMARBEIDSUTVALET)

Kyrkjesektoren må nemnast under organisasjon på side 17, f. eks. "Ved siden av hovedutvalgene har vi kirkelig sektor med Gol og Herad sokneråd som valgte organ ved egne soknerådvalg."

F-18

BUSKERUD FYLKESKOMMUNE, HOVEDUTVALET FOR NÆRINGS-, RESSURS- OG MILJØSPØRSMÅL.

Vedtak (enstemmig):

"Buskerud fylkeskommunes hovedutvalg for nærings-, ressurs- og miljøspørsmål har ikkje merknader til den framlagde kommuneplanen for Gol kommune omfattande langsiktige mål og retningslinjer med arealdel for 1988-2000 dagsett mars 1989."

F-19

FORSVARETS BYGNINGSTENESTE, AVDELING HAMAR

Merknadane er unnateke offentlegheit.

F-20

GOL SKULESTYRE

VEDTAK:

"Gol skulestyre har fått orientering om utkast til kommuneplan for Gol og vil koma med fylgjande uttale:

1. Gol skulestyre vil peike på at det i Åsgardane krins vert

arbeidd med planar om utviding av skulebygningen slik at den på ein betre måte kan dekke grendahusfunksjonen samtidig som det vil gi betre lokale for førskulen/barnehagen og kroppsøvingsundervisningen i skulen. I samband med desse planane er det behov for å utvide skulen sitt tomteareal vestover.

2. Gol skulestyre er kjend med at Buskerud vegkontor er bedd om å lage ein konsekvensanalyse for framføring av nye riksvegtrasear gjennom Gol sentrum. Dei to alternativa som er viste i kommuneplanen vil i høg grad ha innverknad på tilhøva ved Gol skule. Gol skulestyre ber difor om å få seg førelagt konsekvensanalyser og andre dokument av betydning for val av trase, til uttale før endeleg avgjerd vert teke på kommunalt og fylkeskommunalt plan."

F-21

SAMARBEIDSUTVALET VED ROTNEIM SKULE

Ber om at skulestyrevedtaket i sak 72/76 (målet for skuleutbygging i Gol skal vera 1-6 skular i alle noverande krinsar. Utbygginga skal skje stegvis etterkvart som elevtal og økonomi gjer det forsvarleg og mogleg) kjem med i kommuneplanen.

Utvalet meiner for Rotneim sin del at "kostnader og elevtal gjer at attendeføring bør vera innan rekkevidde".

FORSLAG TIL VEDTAK:

FORMANNSKAPET TILRÅR AT KOMMUNESTYRET FATTAR SLIKT VEDTAK:

FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL DAGSETT MARS 1989 VERT VEDTEKEN MED FYLGJANDE ENDRINGAR/MERKNADER:

I. AREALDELEN:

KOMMUNEPLANKARTET (m=1:50.000):

Riksveg 7

Vegvesenet har for framtida tenkt seg ny Rv. 7 på vestsida av Hallingdalselva frå Svenkerud til det nye planskilde krysset ved Vikøyne. Kommunen kan på det noverande tidspunkt ikkje bandlegge område for ny trase for riksveg 7 då vegtraseen ikkje er endeleg avklara, grunneigarane ikkje er varsla/orientert og berørte planstyresmakter ikkje har fått uttale seg. Kommunen vil i det vidare kommuneplanarbeidet prioritere inntegning av riksvegtraseen på kommuneplanens arealdel.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Einarset/Kambenområdet
Nøyaktige grenser for landbruks-, natur- og friluftsområdet i Einarset/Kambenområdet vil bli bestemt ved behandlingen av reguleringsplanane for desse stølslagsområda.

Heimsil skytebaneområde(K-1)

Heimsil skytebaneområde vert teke ut av kommuneplanen. Dette skytebaneområdet er saman med alternativt skytebaneområde til vurdering. Kommunen vil med det aller fyrste ta endelig stilling til arealdisponeringen i dette området i det vidare kommuneplanarbeid.

Skiheisområdet i Golreppen(K-2)

Skiheisområdet i Golreppen med tilliggande areal mot aust vert teke ut av kommuneplanen. Dette inneber at kommunestyret ikkje har teke stilling til arealdisponeringen innanfor dette området. Kommunen vil snarast bestemme arealdisponeringen i det det aktuelle området i det vidare kommuneplanarbeid.

KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD:**Skiheisområdet i Golreppen(K-2)**

Skiheisområdet i Golreppen med tilliggande areal mot aust vert teke ut av kommuneplanen, jfr. det som er sagt om dette for den del av skiheisområdet som vedkjem kommuneplankartet.

Alternative trasear for riksveg 49/52

Kommunen har bedt vegkontoret i Buskerud om ei vurdering av dei 2 alternative riksvegtraseane som er vist på kommunedelplanen for Gol tettstad.

Kommunen vil ikkje ta standpunkt til val av riksvegalternativ før vegkontoret si vurdering av dei 2 alternativa føreligg.

Bustadfelt på Hagaskogen(K-3)

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til dette bustadfeltet. Bustadområdet utgår av kommuneplanen. Kommunestyret har såleis ikkje teke standpunkt til arealdisponeringen innanfor dette området. Når spørsmålet om lokalisering av framtidig

skytebaneanlegg er meir avklara, vil kommunen vurdere arealet på nytt.

Forretningsareal aust for Hahaug(K-4)

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til foreslått arealdisponering for dette området. Forretningsområdet utgår av kommuneplanen. Kommunestyret har såleis ikkje teke standpunkt til arealdisponeringen innanfor dette området. Kommunen vil vurdere arealdisponeringen i det aktuelle området i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Travbane/hestesportsenter på Vikojordet

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til foreslått arealdisponering for dette området. Kommunen endrar foreslått arealdisponering slik at arealet i kommuneplanen blir landbruks-, natur- og friluftsområde der det kun kan oppførast bygningar som har med tradisjonell landbruksdrift å gjera.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i området ved Hesla bru
Foreslått arealdisponering i området aust for Heimsil, mellom Sentrumsvegen og riksvegalternativ B, blir endra slik at det samsvarar med arealdisponeringen i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Mindre områder i Gol tettstad som er frigjeve av landbruksstyresmaktene til bustadformål og som inngår i godkjent reguleringsplan, kan bebyggast når offentleg vass- og kloakkledning er ført fram til områda.

Framtidige industriområder

For næringsområda på Husøyne, del av Vikoøyne, Svøo og ved Gol renseanlegg må det snarast utarbeidast reguleringsføresegner. Kommunestyret ynskjer å lokalisere miljøvenlege verksemder i desse sentrumsnære områda.

Industriområdet på Bergasida

For å utnytte området som planlagt, vil kommunen arbeide for at forsvaret flytter sine lager frå området.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU

Bustadfelt ved Hatten

Kommunestyret endrar lokaliseringsplan for bustadfeltet i samsvar med fylkeslandbruksstyret sitt vedtak for å unngå å ta dyrka jord i øvre del av det foreslåtte bustadområdet. Den nordlege delen av feltet blir tatt ut og erstatta av samsvarande i sør inntil noverande bustadtomter.

Bustadfelt ved Rensla

Av miljømessige hensyn blir bustadfeltet flytta noko lenger frå framtidig trase for riksveg 52 slik at avstanden mellom riksveg og bustadfelt blir ca. 100 meter.

KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE**Bustadfelt ved fylkesveg 221**

Kommunestyret endrar lokalisering av bustadfelt ved fylkesveg 221 slik at feltet blir liggande på eigedomen 22/11, i samsvar med fylkeslandbruksstyret sitt vedtak.

Det nye bustadfeltet blir liggande på austsida i staden for på vestsida av noverande bustadfelt.

Området ved Solseter(K-5)

Kommunestyret tek ut av kommunedelplanen eit område ved Solseter som omfattar turistverksemda Solseter med tillegg av eit areal på ca. 30 dekar som tilhøyrrer innehavaren av Solseter. Dette medfører at kommunestyret ikkje har teke stilling til arealdisponeringen innanfor dette området.

Kommunen vil ta stilling til arealdisponeringen i det aktuelle området i det vidare kommuneplanarbeidet.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROTNEIM**Bustadfelt ved Grovvegen(K-6)**

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse mot at arealet aust for Grovvegen blir disponert til bustadområde.

Kommunestyret endrar arealdisponeringen aust for Grovvegen frå bustadformål til landbruks-, natur- og friluftsområde.

Kommunen vil i førstninga av planperioden vurdere andre nye bustadområder i det vidare kommuneplanarbeidet.

II. KOMMUNEPLAN FOR GOL 1988 - 2000. LANGSIKTIGE MÅL OG RETNINGSLINJER.**Redaksjonelle forhold**

Det vert gjort fylgjande redaksjonelle endringar:

Pkt. 1.1 blir endra til 2., 1.2 blir endra til 3., 1.3 blir endra til 4. og 1.4 blir endra til 5.. Resten av punkta (kapitla) blir forskyvd tilsvarande, - pkt. 2. blir endra til 6 o.s.v.

Under kapittel 3 vert mål ført opp til slutt i kvart underkapittel.

Hovedmål for den framtidige utviklingen i Gol

Første setningen under headingen på side 12 vert endra til: Kommunen vil spesielt prioritere fylgjande hovedmål i planperioden:

Nummereringen frå 1 til 4 utgår.

Ny setning etter avsnittet om miljøvern:

Elles vil kommunen prioritere fylgjande forhold:

Ytre planføresetnader

Ny setning under "Nye trasear for riksvegar":

Vegvesenet går inn for framtidig omlegging av riksveg 7 på vestsida av Hallingdalselva langs jernbanean på strekningen Svenkerud - planskilt kryss på Vikøyne. Vegvesenet ber kommunen medverke til at traseen vert sikra mot nedbygging. Fylgjande avsnitt om landbruk vert teke inn:

Fylkeslandbruksstyret i Buskerud foretok i 1986 ein landbruksfagleg arealvurdering som bl. a. omfatta Gol kommune.

Organisasjon

Ny setning etter oversikten over hovedutvala:

I tillegg til hovedutvala har ein kyrkjeleg sektor med Gol og Herad sokneråd som valde organ ved eigne soknerådssval.

III. INNKOMNE MERKNADER/PROTESTAR FRÅ PRIVATE PERSONAR/INSTANSAR

A. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEPLANKARTET MED BESTEMMELSAR
Merkndane/protestane under punkt A vert ikkje tekne til fylgje.

B. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD
Val av riksvegalternativ blir utsett til vegvesenet har kome med ei skriftleg vurdering av dei to alternativa.
Mindre uregulert tomteareal i Pålstigenområdet som er frigjeve av landbruksstyresmaktene, kan først bebyggast når det er ført fram offentleg vass- og kloakkledning til området og området inngår i godkjent reguleringsplan.
Spørsmål om utviding av skiheisområdet i Golreppen må vurderast i samband med det vidare arbeid med kommuneplanen.
Vikoøyne bør ikkje nyttast til vanleg forretningsverksemd.
Øvrige protestar vert ikkje tekne til fylgje.

C. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU
Foreslått arealdisponering i kommunedelplan for Robru vert oppretthalde. Problem med avkøyrsele til eigedomen 41/29 p.g.a. gangvegtrase må avklarast/løysast på detaljplanstadiet.

D. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ØYGARDANE
Lokalisering av bustadfelt på eigedomen Sorteberg vil bli vurdert i det vidare arbeid med kommuneplanen då arealet har ei gunstig plassering i forhold til skule med trafikksikker skuleveg.

E. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE
Bustadareal på eigedomane 23/36 og 23/111 kan ikkje tilrås då det bl. a. ikkje er tilfredsstillande gangvegsamband til Åsgardane skule.
Utvida område for Solseter kan ikkje takast med i kommuneplanforslaget så lenge naboar og planstyresmakter ikkje har hatt høve til å uttale seg.
Kommunen vil ta stilling til den foreslåtte arealdisponering for Solseter i det vidare arbeid med kommuneplanen.

3550 Gol, 06.06.1989.

Lornts Letnes
Rådmann

FORMANNSKAPET

VEDTAK:

VEDTAK:

FORMANNSKAPET TILRÅR AT KOMMUNESTYRET FATTAR SLIKT VEDTAK:

FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL DAGSETT MARS 1989 VERT VEDTEKEN MED FYLGJANDE ENDRINGAR/MERKNADER:

I. AREALDELEN:

KOMMUNEPLANKARTET (m=1:50.000):

Riksveg 7

Vegvesenet har for framtida tenkt seg ny Rv. 7 på vestsida av Hallingdalselva frå Svenkerud til det nye planskilte krysset ved Vikøyne. Kommunen kan på det noverande tidspunkt ikkje bandlegge område for ny trase for riksveg 7 då vegtraseen ikkje er endeleg avklara, grunneigarane ikkje er varsla/orientert og berørte planstyresmakter ikkje har fått uttale seg. Kommunen vil i det vidare kommuneplanarbeidet prioritere inntegning av riksvegtraseen på kommuneplanens arealdel.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Kambenområdet(K-7).

Ordføraren fremma forslag om å ta området ut av kommuneplanen. Ordførarens forslag vart vedtatt med 3 mot 2. Mindretalet gjekk inn for rådmannens forslag.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Einarsetområdet(K-8)

Ordføraren gjekk frå som ugild.

Varaordføraren fremma forslag om å ta området ut av kommuneplanen.

Varaordførarens forslag vart vedtatt med 3 mot 2 (varaordførarens dobbeltstemme avgjorde). Mindretalet gjekk inn for rådmannens forslag.

Heimsil skytebaneområde(K-1)

Heimsil skytebaneområde vert teke ut av kommuneplanen. Dette skytebaneområdet er saman med alternativt skytebaneområde til vurdering. Kommunen vil ta endelig stilling til arealdisponeringen i dette området i det vidare kommuneplanarbeid.

Skiheisområdet i Golreppen(K-2)

Skiheisområdet i Golreppen med tilliggande areal mot aust (som forslaget frå styret i Gol skiheiser A/S) vert teke ut av kommuneplanen. Dette inneber at kommunestyret ikkje har teke stilling til arealdisponeringen innanfor dette området. Kommunen vil snarast bestemme arealdisponeringen i det aktuelle området i det vidare kommuneplanarbeid.

KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD:**Skiheisområdet i Golreppen(K-2)**

Skiheisområdet i Golreppen vert teke ut av kommuneplanen, jfr. det som er sagt om dette for den del av skiheisområdet som vedkjem kommuneplankartet.

Alternative trasear for riksveg 49/52

Varaordføreren var ikkje til stades under denne del av saka.

Kommunen har bedt vegkontoret i Buskerud om ei vurdering av dei 2 alternative riksvegtraseane som er vist på kommunedelplanen for Gol tettstad.

Kommunen vil ikkje ta standpunkt til val av riksvegalternativ før vegkontoret si vurdering av dei 2 alternativa føreligg.

Bustadfelt på Hagaskogen(K-3)

Ola Kjell Hodnungseth erstatta varaordføreren i denne del av saka.

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til dette bustadfeltet. Bustadområdet utgår av kommuneplanen. Kommunestyret har såleis ikkje teke standpunkt til arealdisponeringen innanfor dette området. Kommunen vil ta endeleg stilling til arealbruken i dette området i det vidare kommuneplanarbeidet.

Forretningsareal aust for Hahaug(K-4)

Varaordføreren tok att plassen sin, og Ola Kjell Hodnungseth forlet møtet.

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til foreslått arealdisponering for dette området. Forretningsområdet utgår av kommuneplanen. Kommunestyret har såleis ikkje teke standpunkt til arealdisponeringen innanfor dette området. Kommunen vil vurdere arealdisponeringen i det aktuelle området i det vidare arbeidet med kommuneplanen.

Travbane/hestesportsenter på Vikojordet

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse til foreslått arealdisponering for dette området. Kommunen endrar foreslått arealdisponering slik at arealet i kommuneplanen blir landbruks-, natur- og friluftsområde der det kun kan oppførast bygningar som har med tradisjonell landbruksdrift å gjera.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i området ved Hesla bru
Foreslått arealdisponering i området aust for Heimsil, mellom Sentrumsvegen og riksvegalternativ B, blir endra slik at det samsvarar med arealdisponeringen i gjeldande stadfesta reguleringsplan for området.

Mindre områder i Gol tettstad som er frigjeve av landbruksstyresmaktene til bustadformål og som inngår i godkjent reguleringsplan, kan bebyggast når offentleg vass- og kloakkledning er ført fram til områda.

Framtidige industriområder

For næringsområda på Husøyne, del av Vikøyne, Svøo og ved Gol renseanlegg må det snarast utarbeidast reguleringsføresegner. Kommunestyret ynskjer å lokalisere miljøvenlege verksemder i desse sentrumsnære områda.

Industriområdet på Bergasida

For å utnytte området som planlagt, vil kommunen arbeide for at forsvaret flytter sine lager frå området.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU**Bustadfelt ved Hatten**

Kommunestyret endrar lokaliserings av bustadfeltet i samsvar med fylkeslandbruksstyret sitt vedtak for å unngå å ta dyrka jord i øvre del av det foreslåtte bustadområdet.

Den nordlege delen av feltet blir tatt ut og erstatta tilsvarande i sør inntil noverande bustadtomter.

Bustadfelt ved Rensla

Av miljømessige hensyn blir bustadfeltet flytta noko lenger frå framtidig trase for riksveg 52 slik at avstanden mellom riksveg og bustadfelt blir minst 60 meter.

KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE**Bustadfelt ved fylkesveg 221**

Kommunestyret endrar lokaliserings av bustadfelt ved fylkesveg 221 slik at feltet blir liggande på eigedomen 22/11, i samsvar med fylkeslandbruksstyret sitt vedtak.

Det nye bustadfeltet blir liggande på austsida i staden for på vestsida av noverande bustadfelt.

Området ved Solseter(K-5)

Kommunestyret tek ut av kommuneplanen eit område ved Solseter som omfattar turistverksemda Solseter med tillegg av eit areal på ca. 30 dekar som tilhøyrer innehavaren av Solseter. Dette medfører at kommunestyret ikkje har teke stilling til arealdisponeringen innanfor dette området.

Kommunen vil ta stilling til arealdisponeringen i det aktuelle området i det vidare kommuneplanarbeidet.

KOMMUNEDELPLAN FOR ROTNEIM**Bustadfelt ved Grovvegen(K-6)**

Fylkeslandbruksstyret har innsigelse mot at arealet aust for Grovvegen blir disponert til bustadområde.

Den del av bustadfeltet som ligg på austsida av Grovvegen vert teke ut av kommuneplanen. Kommunestyret har såleis ikkje teke stilling til arealdisponeringen innan dette området.

Kommunen vil ta stilling til arealbruken i det vidare kommuneplanarbeidet.

OMRÅDER SOM ER TEKNE UT AV AREALDELEN I KOMMUNEPLANEN:

- K-1 Heimsil skytebaneområde
- K-2 Skiheisområdet i Golreppen
- K-3 Bustadfelt på Hagaskogen
- K-4 Forretningsareal aust for Hahaug
- K-5 Området ved Solseter
- K-6 Bustadfelt ved Grovvegen
- K-7 Landbruks-, natur- og friluftsområde i Kambenområdet
- K-8 Landbruks-, natur- og friluftsområde i Einarsetområdet

Kommunestyret tek sikte på å avklare arealbruken i desse områda innan utgangen av 1991.

II. KOMMUNEPLAN FOR GOL 1988 - 2000. LANGSIKTIGE MÅL OG RETNINGSLINJER.

Redaksjonelle forhold

Det er gjort fylgjande redaksjonelle endringar:
 Pkt. 1.1 blir endra til 2., 1.2 blir endra til 3., 1.3 blir endra til 4. og 1.4 blir endra til 5.. Resten av punkta (kapitla) blir forskyvd tilsvarande, - pkt. 2. blir endra til 6 o.s.v.

Under kapittel 7 er mål ført opp til slutt i kvart underkapittel.

Hovedmål for den framtidige utviklingen i Gol

Første setningen under headingen vert endra til:
 Kommunen vil spesielt prioritere fylgjande hovedmål i planperioden:

Nummereringen frå 1 til 4 utgår.

Ny setning etter avsnittet om miljøvern:

Elles vil kommunen prioritere fylgjande forhold:

Ytre planføresetnader

Ny setning under "Nye trasear for riksvegar":

Vegvesenet går inn for framtidig omlegging av riksveg 7 på vestsida av Hallingdalselva langs jernbanean på strekningen Svenkerud - planskilt kryss på Vikøyne. Vegvesenet ber kommunen medverke til at traseen vert sikra mot nedbygging.

Fylgjande avsnitt om landbruk vert teke inn:

Fylkeslandbruksstyret i Buskerud foretok i 1986 ein landbruksfagleg arealvurdering som bl. a. omfatta Gol kommune.

Organisasjon

Ny setning etter oversikten over hovedutvala:

I tillegg til hovedutvala har ein kyrkjeleg sektor med Gol og Herad sokneråd som valde organ ved eigne soknerådval.

III. INNKOMNE MERKNADER/PROTESTAR FRÅ PRIVATE PERSONAR/INSTANSAR

A. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEPLANKARTET MED BESTEMMELSAR
 Merknadane/protestane som gjeld stølsлага Kamben og Einarset er tekne til fylgje. Dei andre protestane/merknadane er ikkje tekne til fylgje.

B. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR GOL TETTSTAD
 Val av riksvegalternativ blir utsett til vegvesenet har kome med ei skriftleg vurdering av dei to alternativa.
 Mindre uregulert tomteareal i Pålstigenområdet som er frigjeve av landbruksstyresmaktene, kan først bebyggast når det er ført fram offentleg vass- og kloakkledning til området og området inngår i godkjent reguleringsplan.
 Spørsmål om utviding av skiheisområdet i Golreppen må vurderast i samband med det vidare arbeid med kommuneplanen.
 Vikøyne bør ikkje nyttast til vanleg forretningsverksemd.
 Øvrige protestar vert ikkje tekne til fylgje.

C. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ROBRU
Foreslått arealdisponering i kommunedelplan for Robru vert oppretthalde. Problem med avkøyrse til eigedomen 41/29 p.g.a. gangvegtrase må avklarast/løysast på detaljplanstadiet.

D. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ØYGARDANE
Lokalisering av bustadfelt på eigedomen Sorteberg vil bli vurdert i det vidare arbeid med kommuneplanen då arealet har ei gunstig plassering i forhold til skule med trafikksikker skuleveg.

E. MERKNADER/PROTESTAR VEDR. KOMMUNEDELPLAN FOR ÅSGARDANE
Bustadareal på eigedomane 23/36 og 23/111 kan ikkje tilrås då det bl. a. ikkje er tilfredsstillande gangvegsamband til Åsgardane skule.
Utvida område for Solseter kan ikkje takast med i kommuneplanforslaget så lenge naboar og planstyresmakter ikkje har hatt høve til å uttale seg.
Kommunen vil ta stilling til den foreslåtte arealdisponering for Solseter i det vidare arbeid med kommuneplanen.

FORMANNSKAPET HAR EINSTEMMIG GÅTT INN FOR TILRÅDINGA MED UNNTAK AV LANDBRUKS-, NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDET I KAMBEN OG EINARSET.

KOMMUNESTYRET

Til kommunestyret si handsaming vart det lagt fram brev dagsett 27.06.89 frå fylkesmannen i Buskerud, miljøvernavdelinga.

Rådmannen orienterte kommunestyret om dette og telefonsamtale med miljøvernleiaren 28.06.89 (i dag/møtedato).
Miljøvernleiaren trekte muntleg attende den skriftlege innsigelsen frå 27.06. for dermed å unngå problem med eigengodkjenning av planen innan fristen 01.07.89. Føresetnaden for dette var at kommunen i det vidare arbeid med kommuneplanen utarbeider kommunedelplan for Golsfjellet.

Kommuneplanleggjaren orienterte og svara på spørsmål.

Desse deltok i ordsiftet:

Ola Kjell Hodnungseth, Olav Rust, Ola Granheim, Vesla Hoftun, Sten Markussen, Tor Bergersen, Kåre Olav Solhjell, Sigrun Eng.

Ola Kjell Hodnungseth (S) foreslo:

1. Bustadområdet på Hagaskogen blir regulert attende til landbruksformål og skytebane slik det er i dag og i samsvar med fylkeslandbruksstyret sin innsigelse.
2. Regulert område til bustadformål ved Solseter blir utvida i samsvar med protest frå Nibstad.
3. Båe skytebanene blir innregulerte.
4. Om "utleigehytter",
 - a) punktet om "Driftsplan medrekna utleigehytter må ikkje overstige 2 årsverk pr bruk." blir teke ut.
 - b) siste punktum/setning blir endra til "Godkjende tomter for utleigehytter skal kome i tillegg til tildelt hyttetomtkvote.

Hodnungseth trekte seinar sitt forslag, punkt 2.

Tor Bergersen (V) foreslo:

1. Industriareal på Svøo blir tatt ut, som K-område.
2. Industriareal på Vikoøyne blir tatt ut, som K-område.
3. Under punkt 5 Hovudmål for den framtidige utvikling i Gol blir avsnittet om Gol tettstad endra til: Gol tettstad må i løpet av dei 4 første åra utviklast til ein miljøvennleg og triveleg stad og forholda må leggast til rette for at Gol fortsatt skal vera eit handels- og servicesenter for Hallingdal.

For punkt 3 kunne ordføraren fastslå at kommunestyret godkjende den foreslåtte endringa.

Med unnatak av forslag nr 2 frå Hodnungseth og nr 3 frå Bergersen, så vart dei andre tatt opp til votering under gjennomgangen av formannskapet si tilråding og delvoteringa etter denne.

Votering:

1. Delvotering:

Der ingenting spesielt er nemnt, er formannskapet si tilråding samrøystes vedteken. Røystetala er elles nemnt i rekkjefølgja med røystetalet for formannskapet (fleirtalet) si tilråding fyrst.

I. AREALDELEN:

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Kambenområdet (K-7).
13-8.

Landbruks-, natur- og friluftsområde i Einarsetområdet (K-8)
12-8. Her gjekk ordføraren frå som ugild og varaordføraren styrde møtet. Ingen møtte i Bjørnebråten sin stad.

Heimsil skytebaneområde (K-1)
17-4 (4 for Hodnungseth sitt framlegg)

Bustadfelt på Hagaskogen (K-3)
17-4 (4 for Hodnungseth sitt framlegg)

Framtidige industriområder.
Del av Vikoøyne,
14-7 (7 for Bergersen sitt framlegg)
Svøo
19-2 (2 for Bergersen sitt framlegg)

Del av kommuneplanen; heftet "kort orientering om kommuneplanarbeidet og forklaring til kommuneplanens arealdel", side 4:

Forslag frå Hodnungseth;
4 a) 21 - 5 (5 for Hodnungseth sitt framlegg)
4 b) 11 - 10 (10 for Hodnungseth sitt framlegg)

2. Sluttvotering:

Kommunestyret røysta så over kommuneplanen samla. Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

VEDTAK:

(samrøystes)

Kommunestyret har 28.juni 1989 samrøystes vedteke framlagt kommuneplan for Gol dagsett mars 1989 slik det framgår av ovanstående votering.

Plandokumenta vil bli retta opp i samsvar med dette og dei involverte partar underretta og vedtak kunngjort slik lover og forskrifter tilseier.

Utskrift sendt til:

UNIVERSITETET I OSLO

3.

OLDSAKSAMLINGEN
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF
NATIONAL ANTIQUITIES
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

Gol kommune,
Kommuneplanleggeren,
3550 Gol.

KOPI

OSLO, 12. september 1989

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.:

89006117/TXODDVA

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR)

1083/89 og 2061/89 PON/mh

FORSLAG TIL KOMMUNEPLAN FOR GOL, LANGSIKTIE MÅL OG RETNINGSLINJER

Vi viser til Deres forsendelser av 7. april og 5. juli 1989.

Det er tidligere registrert fornminner i Gol kommune, og en del av dem er kommet med på det økonomiske kartverket. Hver sommer i de siste årene er det foretatt tilleggsregistreringer. Disse registreringene er merket av på flybilder og de vil komme med på ajourførte ØK-kart i framtida. Gol historielag i samarbeid med Universitetets Oldsaksamling har stått for alle tilleggsregistreringer i kommunen, og historielaget har karter hvor nyregistreringene er tegnet inn.

Selv om det er foretatt registreringer i kommunen må en regne med at det fortsatt ligger igjen uregistrerte fornminner i form av kullgroper, dyregraver, jernvinneplasser, slagghauger, hustufter og steinalderboplasser. I sammenheng med arkeologiske registreringer av forslag til reguleringsplaner må en regne med at mange nye fornminner vil komme for dagen.

Universitetets Oldsaksamling har dessverre ikke tid og kapasitet til å utarbeide lister/kart over oldfunn/fornminner i Gol kommune, men som nevnt, Gol historielag har ajourførte oversikter.

Fra 1. januar 1990 tar Buskerud fylkeskommune over ansvaret for registreringer av fornminner i forbindelse med planarbeid.

Det er derfor muligheter for at fylkesarkeologen i fylkeskommunen kan utarbeide oversikter.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget
forsker